

ÅRSMELDING for LYE FORSAMLINGSSTYRE 2018



Innleiing

Visjonen til Lye forsamlingsstyre er: «Vi vil at alle på Lye skal bli betre kjente med Jesus Kristus». Visjonen har vore viktig for arbeidet på Forsamlingshuset også i 2018.

Lye forsamlingsstyre er styre for alt fellesarbeid på Lye forsamlingshus, slik det har vore nedfelt i lovene for Lye forsamlingshus, jfr. pkt. D §§9 og 10.

Lye Forsamlingsstyre har i 2018 hatt mykje fokus på ungdomsarbeidet.

Samarbeidet med kyrkja om gudstenestearbeidet vart sagt opp av Time sokneråd, med verknad frå 01.08.2018. Etter det er gudstenestene på Lye forsamlingshus i regi av Den norske kyrkja, ved Time sokneråd. Det er oppretta eit eige distriktsutval under Time sokneråd med ansvar for den norske kyrkja, Dnk, sitt arbeid på Lye, mellom anna gudstenestene.

Lye forsamlingsstyre har hatt som ei av sine oppgåver dette året å leggja til rette for ei god avvikling av Lye forsamlingsstyre.

Samansetting av styret:

Lye forsamlingsstyre i 2018:

Liv Heidrun Heskestad	leiar
Jorunn Ueland	sekretær
Anna Bergitte Skårland	kasserar

I tillegg har sokneprest Gunnar Frøyland vore medlem av styret fram til avslutning av samarbeidsavtalen mellom Lye forsamlingsstyre og DnK 01.08.2018.

Lye forsamlingsstyre har i 2018 hatt 13 styremøte og behandla 62 saker.

Tilsette

Lye forsamlingsstyre har dette året ikkje hatt nokon lønna stillingar gjennom givarteneste. Arbeid for barn og unge har vore det viktigaste for Lye forsamlingsstyre

dette året. Det vart lyst ut ei stilling før sommaren med oppgåver retta mot barn og unge, utan at det førte til noko tilsetjing. I desember 2018 lyste ein ut etter ungdomsarbeidar i 30 % stilling, og denne utlysinga førte til tilsetjing.

Gudstenester og søndagsskule

Gudstenester kvar andre søndag har vore hovudsamlinga for fellesarbeidet på Lye forsamlingshus.

Sokneprest Gunnar Frøyland har vore prest på dei fleste gudstenestene. I tillegg har prost Kjell Børge Tjemsland og sokneprest Stein Ødegård leia gudstenester.

Søndagsskulen gir barna eit fellesskap med både trusopplæring og aktivitetar.

Søndagsskulen er og ein viktig arena for leiaropplæring for unge. Meir om søndagsskulen i eiga årsmelding.

Gudstenestestatistikk for 2012-2018:

	Gudst	Antal	Snitt	Nattv.-gudst	Nattv.-gjester	Snitt	Dåps-gudst	Dåps-barn	Kollektar	Beløp	Snitt
2012	21	2689	128	11	1087	99	0	0	18	kr 74.187	kr 4122
2013	21	2653	126	12	1096	91	6	7	19	kr 86.200	kr 4537
2014	20	2759	138	11	1177	107	1	2	18	kr 91.841	kr 5102
2015	22	2812	128	12	1141	95	5	8	22	kr103.201	kr 4691
2016	20	2416	121	11	1143	104	4	5	20	kr. 93.029	Kr.4651
2017	20	1561	78	11	760	69	3	5	19	kr 55.093	Kr 2900
2018	19	1207	64	10	552	55	2	2	17	Kr 60639	Kr 3567

På våren deltok vi på Fellesgudstjeneste på Jærdagen 27.05.18.

Spesielle arrangement i 2018

- **Julekonsert på Forsamlingshuset 16/12, «Me syng jula inn»** blei arrangert andre søndag i advent, med mange av dei kjære julesongane. Dette trakk fullt hus med rundt 240, og med svært brei deltaking.
- **Weekend.** Lye forsamlingsstyre arrangerte weekend til Fjelltun (v/Flekkfjord) 28.-30. september, med både familiar og ungdommar.

Tenestegrupper

Lye forsamlingsstyre gler seg også dette året over alle som har deltatt i tenestegrupper.

Tenestegruppene har frå 01. august i hovudsak vore retta mot gudstenestearbeidet i DNK, og dei fleste har valt å vere med vidare i tenestegruppene. Nokre nye er kome til.

Ungdomsarbeidet

Lye forsamlingsstyre har hatt ungdomsarbeidet som den dominerande saka i 2018. Arbeidet i Lukas har vore det einaste organiserte ungdomsarbeidet på Forsamlingshuset dette året, og godt drive. Men det har vore behov for meir, og dette har vore høgt prioritert.

Lye forsamlingsstyre har hatt fleire møte med INN-kyrkja om dette, og ein har hatt felles forståing for at det må vere eitt ungdomsarbeid for ungdommane.

KRIK driv og eit godt arbeid for unge med sine arrangement i Idrettshallen. Lye forsamlingsstyre ser med glede på det gode arbeidet som vert drive av KRIK.

Økonomi:

Det står kr. 991.016,30 på Lye forsamlingsstyre sine konti per 31.12.2018. Lye forsamlingsstyret ønskjer at desse midlane skal brukast til barne- og ungdomsarbeid, og dette er og INN-kyrkja einig i.

Lye forsamlingsstyre legg fram eiga sak til Årsmøtet med forslag om korleis midlane skal vidareførast..

Frå mai 2018 vart det oppretta ny konto for givartenesta til barne- og ungdomsarbeidet på Lye i regi av Time sokneråd, og givarane vart bedne om å bruke denne kontoen i den vidare givartenesta.

Nytt utstyr på Forsamlingshuset

Lye forsamlingshus har fått ny miksepult, som Lye forsamlingsstyre har bidratt til. Nye høgtalarar er kjøpt inn og i sin heilskap betalt av Lye forsamlingsstyre, i forståing med Husstyret.

Lye forsamlingsstyre har saman med Lye søndagsskule, dekkja utgifter til nødvendig utstyr for å kunne vise film på ungdomsloftet.

Forsamlingsstyret legg fram to saker for behandling av Årsmøtet:

1. Forslag til forvaltning av midlane som står på Lye forsamlingsstyre sine konti.
2. Forslag til nedlegging av Lye forsamlingsstyre og med det lovending i Lover for Lye forsamlingshus.

Valkomité

Det har ikkje vore nokon valkomite i arbeid i 2018.

Liv Heidrun Heskestad
Leiar Lye forsamlingsstyre

Jorunn Ueland
Sekretær Lye forsamlingsstyre

Anna Bergitte Skårland
Kasserar Lye forsamlingsstyre

Gunnar Frøyland
Sokneprest